



Kulturminnedagen fann stad på dekknivå i Gurine

Er Gurine, den 72 fot lange skuta som ligg til restaurering i Knutsenfjæro i Rosendal, ein galeas eller ei jakt? Sjølv dei lærde var usams om det då den eingang så staselege farkosten i dag var objekt under kulturminnedagen dette året.

Men det spelar eigentleg lita rolle. Det viktigaste er at båten blir berga for ettertida og det vil interesselaget sine eldsjelar garantera. Kultursjef Kristian Bringedal erklærer at Gurine er ei galeasrigga jakt ettersom ho har to mastar og inntil vidare får vi vel tru på det?

Bringedal leia eit program som i høgaste grad gjorde inntrykk av stor verneinnsats. Knut E. Skåla kom med eit historisk oversyn som var både imponerande og fascinerande for ein båt som både har hatt seil og motor, som er forlenga med 12 fot og som har grunnstøtt. Den har vore så langt nord som til Svalbard, hatt eit mannskap på 10 og den har vore dømt nord og ned. Kristian Djupevåg såg inn i framtida. Utan han hadde det kanskje ikkje eksistert nokon Gurine.

Skåla innrømte at båten ein periode var betrakta som eit håplaust og ikkje restaurerbart tilfelle, men det er no motbevist. Den ligg der og understrekar Rosendals og Kvinnherads stolte skipsbyggingstradisjonar ettersom den kom til verda berre 700 meter nærmare sentrum i 1875. Og faktisk har skuta hatt 9 eigarar!

Ein liten del av utstyret er forresten no i Uskedalen. Det er ein radiotelefon som den tidlegare telegrafisten Alf Hjørnevåg har sett nærare på. Men den har neppe nokon operativ framtid ombord i Gurine.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen